



Kommune

Lindås

Saksnr. i kommunen:

138/15

Motteke:

Eigedom:

Gnr. 40

Bnr. 15/16

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN i samband med etablering av Avløpsanlegg for gbnr 40/15 Hodneland

Vi viser til vedtak i sak 138/15 der det kjem fram at det lyt søkjast om dispensasjon frå LNF i høve "andre tiltak/anlegg". Vi reknar her med at det er avløpsanlegget kommunen siktar til.

UNNATAK FOR DISPENSASJON.

Slik situasjonsplanen viser vil minireinseanlegget ligge innanfor grensa for byggeområde.

Det vil difor berre vere avløpsleidningen frå minireinseanlegget og fram til eksisterande kum som liggje innan LNF føremålet. Dette vil vere eit tiltak som etter istandsetjing ikkje vil vere synleg, og vil i særskilt liten grad påverke omgjevnandane. Vi ber difor jf. Planjuss 01/2012 s.44, at kommunen vurderer unnatak for dispensasjon for dette tiltaket.

Subsidiert vert det søkt om dispensasjon med denne grunngjevinga:

Etablering av avløpsanlegg er ein del av oppgradering av eigedomen, og etablering av tilbygg med nytt toalett og dusj vil gjere tilhøva meir i samsvar med prinsippa om universell utforming.

I dag går vatn frå kjøkken direkte i grunnen på eigedomen, avløpsløyninga frå utedoen er og av den "naturlege" sorten. Tiltaket inneheld difor ei vesentleg forbetring av dei sanitære forholda på staden. Tiltaket vil ikkje vere synleg etter at det er utført

Eiendom 40/16 vil pdd ikke koble seg til, men ha mulighet til dette ved en senere anledning.

Namn Jan Erik Helland

Adresse pb 42

Postnr. 5951

Postadr. Lindås

Telefon

Mobiltlf. 98039987

Dato: 26.05-15

signatur

Jan Erik Helland